




Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Vår ref.
11/554-3

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Anne Guri
Schrøder

Direktenr

Arkiv
K1-232

Dato:
22.06.2011

MELDING OM VEDTAK

Maksimumspris ved taksering av kraftanlegg - uttale

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

20.06.2011 KOMMUNESTYRET

Rådmannen orienterte om saka og gjekk gjennom utkast til uttale frå Vik kommune.

KS-036/11 VEDTAK:

Vik kommunestyre gjev slik uttale i høyringssak om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk:

Finansdepartementet sine forslag til endringar kan oppsummerast slik:

1. Minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftverk vert ført vidare.
2. Det vert tilrådd ei viss inflasjonsjustering for åra framover.
3. Ein vurderer ein auke i risikotillegget i kapitaliseringsrenta og om det er grunnlag for å gå nærare inn på den risikofrie renta.

Vik kommune meiner at Finansdepartementet i sitt høyringsnotat har unnlate å nemna:

1. At ordninga med minimums- og maksimumsverdi var tenkt å vera mellombels.
2. At Stortinget aldri har meint å gå bort frå det grunnleggjande prinsippet om å treffa eigedomen sin reelle omsetningsverdi.
3. At alle andre eigedomskategoriar vert taksert etter reell omsetningsverdi.

4. At naturressursskatten går til utjamning i inntektssystemet og har vore konstant frå innføringstidspunktet.
5. Finansdepartementet hevdar at primærkommunane sine inntekter har auka "betydelig" dei siste åra. Det ein ikkje opplyser er at storparten gjeld utbytte og grunnrenteskatt som i stor grad har kome staten og Oslo kommune til del.
6. Finansdepartementet viser kva konsekvens ei oppheving at maksimumstaket vil få for kommunane sin eigedomsskatt, men tek ikkje med konsekvensen av ev. auka kapitaliseringsrente.

Konklusjon:


Tala viser at Vik kommune har nådd taket for eigedomsskatt. Realverdien har gått ned og vil gå ytterlegare ned framover dersom maksprissystemet vert behalde. Dette skjer i ei tid då kraftprisar og eigarutbyte aukar vesentleg.

Vik kommune vil på det sterkaste tilrå at maksimumsverdien for utskriving av eigedomsskatt på kraftverk vert fjerna. I så fall kan kapitaliseringsrenta hevast, men berre til eit stabilt og føreseieleg nivå. Etter kommunen sitt syn bør dette kunna vera på 5,0–5,5 %. Dette vil gje ei moderat inntektsauke for dei 200 kommunane dette gjeld.

Vik kommune viser elles til uttalen frå LVK som kommunen gjev sin fulle tilslutning til.

Samrøystes.

Med helsing



Oddbjørn Ese
Rådmann



Anne Guri Schrøder
Leiar Tenestetorg